



# LINDÅS KOMMUNE

Byggesaksavdelinga

Rolf Hjelmtveit  
Furumarka 14  
5911 ALVERSIIND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2354 - 15/24897

Saksbehandlar:  
Kristin Nielsen  
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:  
09.07.2015

## Førebels svar - informasjon om byggesak i samband med uttale frå Vegavdelinga i Lindås kommune - gbnr 137/512 Alver

Vi viser til søknaden din om oppføring av garasje på gbnr 137/512. Eininga Teknisk drift v/Vegavdelinga har gjeve uttale i saka, då tiltaket krev søknad om utvida avkøyrse til veg som er drifta av kommunen. Uttalen deira, med tilhøyrande situasjonskart og bilete er lagt ved dette dokumentet.

Løysinga som er vist av Teknisk drift syner er plassering av garasjen som er i strid med regulert byggegrense. Om vi skal kunne handsame ei slik løysing, må du då søkje om dispensasjon for bygging i strid med byggegrensa. Teknisk drift er, if. deira uttale, positive til ei slik dispensasjonssøknad. Det vil også byggesaksavdelinga vere. Om du søkjer om dispensasjon, er det viktig at denne er grunngjeven. Ved ei slik søknad skal det i utgangspunktet nabovarslast på nytt. Det kan eventuelt søkiast om fritak frå dette.

Eit anna alternativ er at det søkjast om ei avkøyrseløysing i tråd med Teknisk drift sin uttale. Det kan sjå ut som om det då må takast stilling til ei mindre garasje.

Vi ber om ei tilbakmelding på korleis du ønskier at vi skal handsame saka vidare.

Med helsing

Kristin Nielsen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor inagen signatur.*

Vedlegg:  
Uttale byggesak GBNR 137512 Alver - garasje  
Vedlegg notat situasjonskart gbnr 137-512  
Bilete gbnr 137-512





Kristin Nielsen

Saksbehandler: Teknisk drift/Linda Folkestad

Vår referanse: 15/2354 - 15/23296 / Gbnr - 137/512

Dato: 08.07.2015

---

**Emne: Uttale byggesak GBNR 137/512 Alver - garasje**

Teknisk drift syner til førespurnad om uttale vedkomande søknad om garasje langs kommunal veg – gbnr 137/512.

Teknisk drift har vore på synfaring og vurdert forholda ved eigedom i forhold til innsendt søknad. Teknisk drift har komme fram til at ein ikkje kan godkjenne tiltak slik det er vist i søknad. Tilkomst til garasje må skje via eksisterande avkjørsle slik at krav til å snu på eigen grunn vert oppretthalde for å unngå rygging ut i/inn frå kommunal veg.

Garasje må flyttast nærare grense mot gbnr 137/529. Avstand til grense mot veg kan være lik den avstand som er gitt for garasje på gbnr 137/529. Mellom kommunal veg og garasje med snuareal skal det være eit hinder i form av ei murkant som kan settast opp i grense mot veg. Murkant skal ha ei avstand frå vegkant på minimum 0,5m (grøfteareal). Høgde på mur skal være minimum 30cm og maksimalt 50cm over kommunalt vegnivå.

Orientering av garasje kan være som vist på innsendt situasjonskart med endring av plassering av garasjedører eller garasje kan snus 90° i forhold til den retningen som er vist i søknad.

Teknisk drift har lagt ved eit eksempel der garasje er snudd 90° i forhold til kommunal veg da det allereie ligg føre teikningar på denne garasjen.

Linda Folkestad